



Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
Boks 7900
5020 BERGEN

Løpenummer : 14/6373
Arkivkode : FE-243, FA-C00
Sakshandsamar : Erik Vangsnes
Direktenr. tlf. : 56580153

Dato : 27.08.2014

Vår ref.:
Saksnr.: 14/504 - 6
(Oppgje "vår ref." når De tek kontakt om saka.)

Dykkar ref.:
2014/14648-28

SØKNAD OM TILSKOT TIL DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN I FUSA

Fusa kommune vil med dette søkja på dei utlyste midlane til den kulturelle spaserstokken for 2014. Samla søknadssum kr 115.000,-.

Fusa kommune vil søkja om tilskot til desse tiltaka i prioritert rekkefølge:

Prioritering	Tiltak	Innhald	Kostnad	Søknadssum
1	Syng for livet	Kortilbod for demente	50.000,-	35.000,-
2	Turnetilbod	Profesjonell kulturformidling på institusjon	80.000,-	60.000,-
3	Senioruniversitet	Kunnskap og kulturformidling	40.000,-	20.000,-

Syng for livet

I samarbeid med kulturskulen har ein å starta opp eit kor- og musikktilbod for eldre med profesjonell dirigent/musikkpedagog. Ein vil stimulera til sangglede og god livskvalitet der deltakarane får vera aktive og kreative aktørar. Tiltaket er ei oppfølging av Kommuneplan 2011-2023 der det er eit mål å vidareutvikla formidlinga av profesjonell kultur og kunst for eldre. Tiltaket er også ei oppfølging av mål i Plan for kulturskulen, vedteken i 2011 og Veldferdsplan for Fusa kommune frå 2010.

Målgruppe: demente på institusjon
Genre: musikk/song

Syng for livet er eit tilbod annakvar i lokal til dagsenteret på Fusa bu- og behandlingssenter. Både tilsette og frivillige er involverte i gjennomføringa, men kostnad med dette er ikkje teke med i kostnadskalkyla. Eigendel på kr 15.000,- er tilskot frå kulturavdelinga.

Turnetilbod på institusjon av profesjonell kunst og kulturaktørar

Målet er å få til 5 turnear a 2 program med profesjonelle kunstnarar. I tillegg vil to av programma også verta presenterte på eiga dementeavdeling. Kunstnarar vert rekruttert i eit samarbeid med kulturkontoret i kommunen som også koordinerer DKS. Tiltaket er ei oppfølging av Kommuneplan 2011-2023 der det er eit mål å vidareutvikla formidlinga av profesjonell kunst og kunst for eldre. Tiltaket er også ei oppfølging av mål i Velferdsplan for Fusa kommune 2010-2020.

Aktuelle kunstnarar i 2015:

Bente Bratlund (litteratur)

Kompani Krapp (kabaret)

Gabriel Fliflet (musikk)

Målgruppe: eldre på institusjon og eldre som er brukarar av dagsenter. Tilbod frå 2 scenar/ lokale per turne.

Arenaer: dagsenter, avdelingar på sjukeheim

Genre: musikk, scenekunst, litteratur mm

Eigenfinansiering er sikra gjennom tilskot frå kommunale kulturmidlar.

Senioruniversitet

Kunnskapsformidling med profesjonelle foredragshaldarar frå utdanningsinsituasjonar, kultur- og samfunnsliv. Senioruniversitetet er også ein viktig sosial møteplass for målgruppa. Tiltaket er ei oppfølging av Kommuneplan 2011-2023 der det er eit mål å vidareutvikla formidlinga av profesjonell kunst og kunst for eldre.

Målgruppe: Tilbod til heimebuande eldre


Arena: Eikelandssosen bedehus

Genre: Foredrag/ kunnskapsformidling

Eigenfinansiering i tiltaket er sikra gjennom eigenbetaling og private tilskot.

Informasjon om søkjar er sendt inn elektronisk.

Med helsing



Erik Vangsnes
Kulturleiar

Dok.dato Tittel
20.05.2014 RAPPORT FOR SPASERSTOKKEN 2013

Dok.ID
75199